

Automatisk bomstasjon på E134 i Åkrafjorden



9. november blir bomstasjonen på E134 i Åkrafjorden (Rullestadjuvet) automatisk. Då vil det altså ikkje lenger vere ei bu der for manuell betaling. No skal du ikkje stoppe ved passering, men køyre rett gjennom bomstasjonen.

Prisane for passering er dei same som før.

Det er tre måtar å betale for passeringar i den nye bomstasjonen:

- AutoPASS-avtale med førehandsbetaling
- Tilsendt faktura (full pris)
- Betaling på servicestasjon (full pris)

Med AutoPASS-avtale kan du få inntil 50 % rabatt pr. passering

Har du brukt billett-hefte i den manuelle bomstasjonen? Dette gjeld ikkje som betaling frå 9. november.

Sjå siste side for kva du skal gjere for å få att pengane du har til gode.

Betaling med AutoPASS

Rabattordningane i den manuelle bomstasjonen blir vidareførte ved overgangen til automatisk, men no må du teikne AutoPASS-avtale med bompengeselskapet Hordaland fylkeskommune for å få rabatt.

Du kan teikne AutoPASS-avtale på www.e134akrafjorden.no

AutoPASS-brikke kjem deretter i posten.



Brikka set du på innsida av frontruta. Kvar gong du passerer bomstasjonen, blir bompengeavgifta trekt frå det beløpet du har betalt inn på forskot.

Avtaleskjema og brikker finn du også på desse servicestasjonane:

- * Best Kyrping, Etne
- * Best, Odda
- * Shell, Røldal



Prisar

Rabatt	 t.o.m. 3500 kg		 f.o.m. 3501 kg	
	Forskotsbeløp	Pr. passering	Forskotsbeløp	Pr. passering
0 %		40,-		80,-
30 %	1 400,-	28,-	2 800,-	56,-
40 %	6 000,-	24,-	12 000,-	48,-
50 %	10 000,-	20,-	20 000,-	40,-

Depositum for brikka er kr 200,-

Bruk av AutoPASS-brikke

Du kan ta brikka i bruk umiddelbart, men får gjerne ikkje lyssignal med ein gong, fordi det tek litt tid før avtalen blir registrert. Sjølv om du ikkje skulle få lyssignal, får du rabatten du har krav på gjennom avtalen din viss den er betalt.

Ver merksam på at sjølv om du fjernar brikka frå bilen, blir avtalen din belasta ved passering.

Brikka følgjer kjennemerket på bilen og kan ikkje flyttast mellom fleire bilar. Du skal berre ha éi brikke i bilen.

Bytte av bil eller adresseendring må meldast til bompengeselskapet på www.e134akrafjorden.no

Ny faktura i posten

Når du har brukt opp 75 % av det førehandsbetalte beløpet, får du ny faktura i posten. Du får også kvit farge på lyssignalet når du passerer bomstasjonen.

Avtale for privatpersonar

Privatpersonar kan registrere to køyretøy pr. avtale. Altså: to brikker på éi avtale.

Avtale for firma

Eit firma kan ha så mange køyretøy det ønskjer på éi avtale, dersom køyretøya er registrerte på same gyldige organisasjonsnummer.

Dersom ei avtale gjeld for fleire køyretøy i ulike takstgrupper, må ein betale forskotsbeløp for den største takstgruppa.

Bruk av brikka i andre bompengeanlegg

Du kan bruke brikka i alle bompengeanlegg som er skilta AutoPASS – så sant du ikkje har reservert deg mot det.

Med AutoPASS får du 10 % rabatt ved passeringar i bomringen i Oslo og Bærum, i Oslofjordforbindelsen, bompengeanlegga på E18 i Vestfold, E6 Gardermoen–Moelv og rv. 17 Godøystraumen. I Svinesundsforbindelsen får du 13 % rabatt.

For eventuelle andre rabattar, må du teikne avtale med det aktuelle bompengeselskapet og betale inn eige forskot der.

Du kan også bruke AutoPASS-brikka di i bompengeanlegga Storebæltbroen og Øresundsbron. I tillegg kan du bruke brikka på nokre ferjestrekningar i Noreg, Sverige og Danmark. Sjå vegvesen.no/easygo for meir informasjon.

På autopass.no finn du ei oversikt over alle bompengeanlegg med AutoPASS.

Reservere seg mot bruk andre stader

Dersom du berre ønskjer å bruke brikka di i bomstasjonen på E134 i Åkrafjorden, kan du krysse av for dette i avtaleskjemaet.

LYSSIGNALA I BOMSTASJONEN



Grønt plussteikn betyr gyldig passering



Kvitt plussteikn betyr også gyldig passering, men varslar i tillegg om at forskotsbeløpet snart er brukt opp og at faktura for nytt forskot blir sendt i posten.

Du får ikkje noko lyssignal dersom du passerer utan brikke eller ikkje har betalt faktura.

Har du AutoPASS-brikke allereie?

Du kan også bruke AutoPASS-brikke frå andre bompengeanlegg i bomstasjonen på E134 i Åkrafjorden, dersom du ikkje har reservert deg mot bruk i fleire anlegg tidlegare.

Har du AutoPASS-brikke frå eit anna bompengeanlegg, får du uansett 10 % rabatt ved passeringar i bomstasjonen på E134 i Åkrafjorden. Men: Ønskjer du rabatt på 30 % eller meir, må du teikne ei eiga avtale med bompengeselskapet Hordaland fylkeskommune. Det kan du gjere på www.e134akrafjorden.no

Betaling utan **AutoPASS**

Det er to måtar å gjere det på, ved begge betalar du full pris, 40 kr for liten bil og 80 kr for stor.

1) Faktura i posten

Passerer du utan brikke, blir det tatt bilete av bilskiltet. Er det ingen AutoPASS-avtale for køyretøyet, blir faktura for passeringsavgifta sendt i posten til eigaren av køyretøyet frå éin til tre månader etter første passering.

2) Kontant betaling på servicestasjon

Det kan du gjere på ein av desse tre servicestasjonane innan tre virkedagar etter passeringa:

- * Best Kyrping, Etne
- * Best, Odda
- * Shell, Røldal

FRITAK FOR BETALING

- Syklende og gåande
- Passasjerar i alle typer køyretøy
- Mopedar og motorsyklar
- Uniformerte utrykningskøyretøy*
- Sivile utrykningskøyretøy i teneste*
- Køyretøy i merka gravferdsfølge

- Køyretøy som er elektrisk drive og har drivstoffkode 5 i vognkortet*
- Hydrogenbiler*
- Kollektivtransport i rute*
- Dei med bustadsadresse Fjæra*

* NB! Fritak krev eiga AutoPASS-avtale. Ring kundeservice på 815 00 067 for meir informasjon om dette.

Info om AutoPASS

Sletting av passeringinformasjon

Du kan velje å ha ei AutoPASS-avtale der opplysningane om passeringane dine blir sletta innan 72 timar. Ver merksam på at du i så fall heller ikkje kan skaffe fram passeringsdata ved eit seinare høve, til dømes i samband med ei klage.

Personvern

Når du passerer ein bomstasjon, blir det registrert ein kode for bompengeanlegget du passerer. Dersom brikka ikkje let seg registrere, blir det tatt bilete av registreringsnummeret til bilen. Det blir ikkje tatt bilete av personen i bilen. Opplysningane blir berre brukt til å administrere AutoPASS-tenestene. Ved eventuell tvist om betalingsplikt, blir opplysningane tatt vare på inntil kravet er gjort opp eller er rettsleg avgjort.

Mi side på www.e134akrafjorden.no

Du kan opprette ein kundeprofil på bompengeselskapet si nettside, der du kan få oversikt over passeringar og saldo, samt endre adresse og registreringsnummeret som brikka er knytta til.

Sjå www.e134akrafjorden.no
for meir informasjon.
Kundeservice: 815 00 067



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE



BRO- OG TUNNELSLSKAPET

E134 Åkrafjorden
v/ Bro- og Tunnelselskapet AS
Postboks 2623 Møhlenpris
5836 BERGEN

Har du brukt billett- hefte som betaling i den manuelle bomstasjonen? Dette gjeld ikkje som betaling ved overgangen til automatisk bomstasjon 9. november.

Pengane du har til gode i billettheftet får du tilbake ved å fylle ut eit skjema for refusjon.

Ver merksam på at pengane du har til gode IKKJE kan førast direkte over og bli forskotsbetaling for AutoPASS-avtale. Du må eventuelt teikne avtale på vanleg måte (sjå side 2).

Her får du skjema for refusjon

- Etne kommunes tenstetorg, ope kl. 08.00–16.00 alle kvardagar.
- På internett: www.e134akrafjorden.no
- Ring Bro- og Tunnelselskapet på 815 00 067 og få tilsendt skjema.
- I bomstasjonen på E134 i Åkrafjorden (fram til 9. november 2009).

Slik gjer du det

- Fyll ut refusjonsskjemaet med namn, tal på billetthefte og kontonummer for refusjon.
- Legg billetthefta i ein konvolutt saman med refusjonsskjemaet.

Her kan du levere inn refusjons- skjemaet og billetthefta

- Etne kommunes tenstetorg, ope kl. 08.00–16.00 alle kvardagar.
- Eller send det til:
E134 Åkrafjorden
v/Bro- og Tunnelselskapet AS,
Postboks 2326 Møhlenpris,
5836 Bergen



autopass.no